



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Olav B Andersen  
økonomisjef Austrheim kommune

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/982 - 16/3292

Saksbehandlar:  
Toril Marie Mulen  
toril.mulen@radoy.kommune.no

Dato:  
14.03.2016

## Søknad om midlar øyremerka til tiltak i landbruket i Austrheim 2016

Landbruksfagrådet i Austrheim vil med dette søkje om at det vert løyvd kr 500 000 øyremerka til tiltak i landbruket i Austrheim for 2016.

I 2013 vart det avsett kr 300 000, i 2014 vart det avsett kr 400 000 og i 2015 vart det avsett kr 40 000 til tiltak i landbruket i Austrheim av kommunale midlar. Alle desse midlane er løyvd.

Det eksisterar også statlege midlar til tiltak i landbruket. I 2014 fekk Austrheim øyremerka kr 80 000 i SMIL-midlar ( SMIL = spesielle miljøtiltak i landbrukets kulturlandskap). I 2015 fekk Austrheim avsett ein pott på kr 40 000, og i 2015 er det avsett 50 000 kr av SMIL-midlane. Det vart avsett 30 millionar kroner mindre i 2015 enn i 2014 av SMIL-midlar for heile landet.

Det vart søkt om langt meir enn vi hadde midlar til å kunne imøtekomme søknadane med i både 2013, 2014 og i 2015. I og med at det er skissert det vert enno færre statlege SMIL-midlar, vil det være enno meir etterspurnad og behov for kommunale midlar til tiltak i landbruket i Austrheim for 2016.

Midlane har vore brukt i tråd med tiltak som landbruksfagrådet har utarbeidd ein vil løyve midlar til. Midlane har vore brukt til rydding av beite, gjerdning, grøfting, fjerning av sitkagran ( der dei står og frør seg ut i beiteområde) og til lyngbrenning. Austrheim kommune har også tiltrekt seg ungdom som vil inn i landbruket, av di ein har fått eit godt ord på seg som ein kommune som satsar på landbruk.

På vegne av landbruksfagrådet

Med helsing

Toril Marie Mulen  
leiar Felles landbrukskontor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Post**  
postmottak@radoy.kommune.no  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

**Kontakt**  
Telefon +47 56 34 90 00  
Telefaks +47 56 34 90 01

[www.radoy.kommune.no](http://www.radoy.kommune.no)  
Konto 3636 07 00776  
Org.nr. 954 748 634





**Mottakarar:**

Jan Olav Osen

rådmann i  
Austrheim  
kommune  
økonomisjef  
Austrheim  
kommune

Olav B Andersen